

Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 2/23

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Ekstra springarøving i mai	side	5
Lagdansen i Lom	side	6
Hallingbu, tre turar på ei veke!	side	8
Olav Thon fylte 100 år!	side	11
BLS 100 år! FestframSYNING!	side	11
Helgekurset 14.-15. oktober	side	12
Program for hausten	side	13
Ola R. Imset til minne!	side	14
Gommokakene til Unni	side	15
Folkemusikkveka på Ål	Side	16
Hilmestemnet på Fagernes	side	17
Landskappleiken på Gol i 2024	side	19
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Hallinglaget har hatt særskilt gode dansesemester bak seg før den nye hausten. Laget må ha gjort noko rett for det kjem så mykje bra folk på danseøvingane og rekorden var langt over 10 par stilte på Lagdans under Landskappleiken langt oppi Lom ein torsdag i juni! Denne hendinga er dokumentert i dette bladet, samt noko av det andre som har skjedd siste halvåret.

Hallinglaget vil fortsetja med å leige Halli så me har plass til dei 20 -35 danserane som kjem innom kvar onsdag. Me som er i styre og stell gler oss over at folk kjem på øvingane våre.

Det blir særskilt stor aktivitet denne hausten, for BLS er 100 år! – FolkOrg likeså! – Riksscena køyrer på for fullt og Leikarringen i BUL er elleville med ekstraøvingar og folkemusikk-pub på onsdagar, gjerne på dei onsdagane som me har øving! Så *det blir hardt å få med seg alt!*

Ellers, ut på tur aldri sur ...

Den danske filosofen Søren Kierkegaard har sagt:

«Tap for all det ikke lysten til å gå. Jeg går meg til det daglige velbefinnende hver dag og går fra enhver sykdom. Jeg går meg til de beste tanker, og kjenner ikke en tanke så tung at man ikke kan gå fra den. Når man slik fortsetter å gå, så går det nok»

Bedre argument for det enkle friluftsliv finnes knapt!

Mi meining: Det er ikkje dumt å danse hallingspringar heller ...

Konklusjon: Friluftsliv og fysisk aktivitet forebygger depresjon.



Teamsmøte i den kjedelege tida med Corona, her ser ein Åsmund, Gro Sissel, Else, Heidi og Berit, der sistnevnte gav seg i Styret i vinter og vart erstatta av Unni Johannessen frå Ål. Fotograf: Terje

Styret håper også at nokon kunne skape eit miljø på hytta vår Hallingbu som ligg midt i Lillomarka rett nord for hovudstaden, for den står stort sett tom og ventar på besök!

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar
frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*

Ekstra springarøving i Blåsalen 24. mai ...



Den ekstra springarøvinga onsdag 24. mai i Blåsalen var heilt topp! Fotograf: Carol Sersland.

Carol sendte biletet og skreiv til Hallinglaget med tittel: «Fine folk i Hallinglaget» -
Hallo Terje.

Thanks for a lovely evening of Hallingdal music and dance.

Here are photos of the group!

Mvh,

Carol Sersland

Dei som er med på biletet er frå venstre: Nicolay, «Franskmannen», Jette, Terje, Hanna, IngridL,
Saimi, Anette, Tone, IngridS, Anne, Åsmund, IngridLG, IngridS, Svein og Unni ...

... og høge Knut som klarte å gøyme seg bak alle! "For ein fin gjeng!"

Dette som døme på ei artig øving med gjester frå inn og utland! Saimi lånte fela te Åsmund og spelte eit par hallingspringarar også – utan at alle merka det! – men slik at Åsmund fekk dansa litt denne onsdagen også. Ja, det er så moro med liv, røre og dans på øvingane.

Det var ekstra moro for underteikna å danse att i Blåsalen også, for det hadde me ikkje gjort sidan før pandemien. Blåsalen er perfekt til 15-20 dansarar og Halli til 20-35 dansarar. Møt opp du også for no har me normalt to som spelar; for då får dei som spelar dansa også ...

Terje Grangård

Hallinglaget dansa Lagdans i Lom – med heile 10 par!

Alt kan skje med ein Lagdans, mykje skjedde i alle fall i Lom! Utgangspunktet var det beste, heile 10 par var påmeldt. Likevel vart førebuingane so som so, inga øving på førehand og få visste kven dei skulle danse med! Og kva for jenter skulle danse kar! Eg snakka med ein røynd valdris kvelden før som sa: det er like greitt å ikkje planlegge for mykje – for det blir aldri slik du trudde likevel! – og slik vart det!

Alle var på plass i Lom, midt på dagen ein torsdag i juni, ikkje verst berre det. Hallinglaget fekk øvingsrom - og så starta problema! Forskyvingar med laga gjorde at superlaget «BULder og brak» (som vant Lagdans Senior i år!) dansa rett før uss! På dette laget var Kjetil Meberg Myhren som skulle spele for uss med og dansa! - og Åsmund var spelemann for dei, og mange andre av karane våre var med og dansa! Og Lars F Småberg skulle samstundes synge i vokal B, så han kom ikkje med!

Så stod me no der da i øvingsrommet, utan spelemann og utan karar; vel det var to karar og sju kvinner som gjekk rundt i ring! Me var ganske stressa og bekymra då me måtte gå frå øvingsrommet utan å ha øvd og bort til Hallen med Scena! Kunne me få det til? Verst av alt om me måtte avlyse! Noko uforklarleg skjedde: Ulf-Arne trakk nok i nokre trådar, kanskje også Åsmund... Når me var som mest usikre kom spelemann Kjetil inn frå venstre med fela si og dei beste lausdanserane i BULder og brak frå høgre – og so vart me utruleg nok 10 par som gjekk på scena i gledesrus over at me fekk det te... Kanskje vel oppjaga? – for dommarane likte nok ikkje dansen vår så veldig? - me vart nummer 27 av 33 lag! **Men det viktigaste var at «alle fekk dansa» og at me hadde det veldig moro på scena.** Det var mange som meinte at me ikkje dansa så verst heller, men nivået er høgt og nokon må bli lenger uti på resultatlista...



Her ser ein Hallinglaget i gang på scena, alle stakkane sviver no retteleg fint! Heile 10 par!

Desse dansa seg inn i historieboka til Hallinglaget i Lom:

Ulf-Arne Johannessen og Ingrid Smette

Nicolay Bo Fischer Nielsen og Ingrid Lingaas Fossum

Silje Risdal Liahagen og Solfrid Nestegard Gjeldokk

Åsmund Fauske Jøtun og Tone Ingvaldsen

Terje Grangård og Else Mohn

Eivind Vestenfor og Unni Johannessen

Jon Bugge Mariussen og Heidi Wie

Mattias Thedens og Ingrid Løkken

Ånund Meberg Myhren og Anne Stuvøy

Svein Aasen og Helen Engelstad Kvalem

Samt spelemannen Kjetil Meberg Myhren.

At så mange dansar i Hallinglaget og er aktive er eit godt teikn, og me har øvd jamt og trutt dei siste åra. Takk til alle som dansar og øver me uss på dei gilde øvingane våre ...

Biletet som var tatt av uss etter dansen av ein profesjonell fotograf vart supert:



1. rad frå venstre (bakkenivå): *Solfrid Nestegard Gjeldokk, Ingrid Smette, Silje Risdal Liahagen, Heidi Wie, Anne Stuvøy, Kjetil Meberg Myhren, Ingrid Løkken, Else Mohn, Helen Engelstad Kvalem, Unni Johannessen og Tone Ingvaldsen.*

2. rad frå venstre (knehøgde): *Ulf-Arne Johannessen, Nicolay Bo Fisher Nielsen, Ingrid Lingaas Fossum, Jon Bugge Mariussen, Mattias Thedens, Terje Grangård, Ånund M Myhren, Åsmund Fauske Jøtun, Eivind Vestenfor og Svein Aasen.*

Referent: Terje Grangård

MERK: Neste år er det Landskappleik på Gol! Der må me delta både i Lagdans og som Friviljuge!

Hallingbu, tre turar på ei veke!

Hallingbu ligg som oftest einsam og forlaten, men dette året vart det heile tre turar i same veka! Det vart i meste laget for dei fleste! Det var berre underteikna som heldt ut alle tre turane, men det skjedde mykje positivt på Hallingbu denne veka.

Fyrst var det planlagt ein dugnadstur som passa for vår nye medlem i Hyttestyret, Johnny Lund. Endeleg har me fått med ein profesjonell handverkar i Hyttestyret, Johnny arbeider som måler sjølv om han er universitetsutdanna. No skulle vindskiene på Hallingbu og uthuset få seg ein naudsynt omgang med beisekosten så dei heldt enno mange år! Faktisk er vindskiene på uthuset frå nyare tid! -eg var med p spikra dei på! Men vindskiene på sjølve hytta er frå den gongen Hallingbu vart kledd med solid tømmermannskleding ein gong på 60-talet? – dvs. at borda er omlag 60 år! Sjølvsagt har borda fått eit par omgangar med Jotun Trebitt Oljebéis dei siste 10-åra. Farga er Seterbrun, kode 675, ein særdeles god beis som heldt kva den lover ...

Fyrste tur: Dugnadsturen sundag 11. juni med Johnny og Terje.



Johnny Lund er klar til dyst! Dumt at det ikkje vart tatt bilde av ham på toppen av stegan høgt over mønet på Hallingbu! Johnny er handlingens mann som får jobben gjort! Utan alt for mange eventyrlege planer – best av alt: han planlegg ny dugnadstur i løpet av sommaren.

Andre tur: Spikjikjøtturen 14. juni, der heile ni personar var med.



Mykje bra folk var med på Spikjikjøtturen, Hallingbu har mange vener. Desse var med, frå venstre: Ulf-Arne, Michel, Johnny, Heidi, Ingrid, Unni, Svein og fremst Trond, avtropande medlem i Hyttestyret. Været var fint men me tok maten inne. Fotograf: Terje.



Vår nye Styremedlem Unni Johannessen skreiv i hytteboka som ein skal gjere på alle turar til Hallingbu. Dette blir eit historisk dokument som er viktig for ettertida.

Det står mykje interessant i hytteboka og teikningane som kunstnaren Vidar Schmidt har bidrige med er verdt ein tur te hytta vår.

Hallingbu ventar enno på at fleire skat ta ein overnattingstur. Pr. 1. august er det vel berre Michel som har klart det!

Til alle nye: **bli med på ein fellestur** så du finn fram til hytta vår og sannsynlegvis blir du ein ny venn av Hallingbu ...

Tredje tur: «Fem hytter på ein dag, 17. juni, der Terje var heile vertskapet!



Det strøymde på med folk – opp til 10 i slengen! Enkel servering, men god stemning, først ute og etter kvart inne. Alle likte Hallingbu og folk likte opplegget.

Opplegget med ein open dag på hytta hadde mykje for seg. Det vart litt hektisk med heile fem hytter på ein dag men det gjekk fint. Hyttene som var med var: Sørlandshytta, Hordahytta, Buvollen (Valdreshytta), Pustut (Sogn- og Fjordanehytta) og Hallingbu! Faktisk var ei sjette hytta også med, det var Bondehytta til BUL som ligg heilt oppe ved Ørfiske, ein liten times tur nord for Movatn! Så svært få orka den turen denne dagen, men Bondehytta er sjølvsagt med i hyttekarusellen som går denne sommaren, pluss fleire hytter...

Denne hyttevandringa er med i Jubileumsopplegget til BLS som fyller 100 år i år.

Arrangementet Fem på ein dag var vellykka, været var bra og stemninga var god. Det var over 30 personar innom Hallingbu. Nokre av hyttene hadde mykje servering (eks. vaffelsteiking) så det var greitt med kjeks og kiwi-kaker på Hallingbu.

Hallinglaget bør vurdere om me skal ha ein open dag kvart år – kanskje i samband med ein dugnad så det er folk og god stemning på hytta. Til døme med grilling og kaffikos ...

Olav Thon fylte heile 100 år den 29. juni i år! Hallinglaget gratulerer ...



Olav og kona Sissel Berdal Haga bur no mykje i ei suite på Bristol Hotel i vekene for å vera nær byen. Sjølv om Olav prøver å trappe ned og har gitt seg som Styreleiar i Olav Thon Gruppen har han mange jern i elden enno og jobbar nokre dagar i veka framleis!

Hallinglaget i Oslo er evig takknemleg for støtta som Olav har bidrege med gjennom åra og sendte ei varm helsing på den store dagen. *Eit gnistrande godt biletet tatt av Ole Berg Rusten.*

Jubileumsframstilling på Det Norske teateret i Oslo LAURDAG 28. oktober 2023, fra kl. 19:00 – Møt opp!

BLS 100 år - 1923 – 2023

BYGDELAGSSAMSKIPNADEN 100 ÅR MED BYGDER I BYEN

Bestill billett på heimesida til DnT, www.detnorsketeatret.no, til ei humørfull festframstilling med folkedans! Bygdelagssamskipnaden inviterer til ei humørfull festframstilling med folkedans, folkemusikk, korsong, leik og teater - aktivitetar som har prega lagslivet i Bygdelagssamskipnaden (BLS) gjennom 100 år.

På scenen vil over 100 barn og vaksne frå ulike lag i Bygdelagssamskipnaden vise fram det dei kan. Nyskriven musikk og nyskrivne tekstar bind festframstillinga saman, og i orkesteret sit den kunstnarlege Vegar Vaardal saman med Tuva Færden og Frode Hatli. Etter framstillinga blir det dans og lett servering i foajeen.

Arrangementet er ved Bygdelagssamskipnaden.

NB! Her vil det fleste av laga i BLS bidra med eit eller anna! – til døme dans! At det blir fridans etter framstillinga, samt forfriskende servering er heller ikkje å forakte! Møt opp!

STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

14. – 15. oktober,
med Ulf-Arne Johannessen, Karianne Jorde Holestøl og
Åsmund Fauske Jøtun som spelemann.



Ulf-Arne Johannessen



Karianne Jorde Holestøl

Laurdag: 14. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 15. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktørar:

Ulf-Arne Johannessen, A-klassen dansar frå Ål som òg er Landskappleikvinnar i både springar og laus!

Karianne Jorde Holestøl, A-klassen dansar frå Hol som vil syne oss jentedansen slik ho gjer den!

Spelemann:

Åsmund Fauske Jøtun, A-klassen spelemann frå Gol som også er ein god dansar!

Mat: Det blir ei god matpause, der støtte-spelarar vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 500,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen! Superpris for **studentar** og ungdom under 23 år som vil danse: kr. 300,-

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 7. oktober for planlegging av mat og anna.

Så meld dykk på:

E-post til: grangard@online.no eller
SMS til 482 04 652.

NB! Meld dykk på og bli ein betre dansar!
Ta gjerne med ein ven også ...

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2023

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er danseøvingar desse onsdagane:

For meir info.: Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!

- 30. aug.** Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
13. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
27. sep. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
11. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
25. okt. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
8. nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
22 nov. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -
6. des. Juleavslutning m/ masse dans og kaku kl. 19.00 – 22.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar!

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 3. september: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget

Kl. 18:00 : Minikurs i hallingspringar!

Plan: Instruksjon ved: *Ulf-Arne Johannessen*, A-klasse dansar frå Ål og
Dansespel ved: *Kjetil Meberg Myhren* frå Ekeberg i Oslo.

Kl. 19.30: Folkedanskveld med meir dans og moro. Fanteladdane spelar.

Laurdag 16. september: Dans i alle salar i Nordahl Bruns gt 22.

Mellom andre spelar Småviltlaget! Sett av dagen, meir info. kjem!

Laurdag 30. september: Oslokappleiken på Riksscena!

Kappleik heile dagen og dansefest på kvelden. Lagdans med Hallinglaget?

14. og 15. oktober: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.

Instruktørar: Super instruksjon ved *Ulf-Arne Johannessen* frå Ål og
Karianne Jorde Holestøl frå Hol .

Dansespel ved *Åsmund Fauske Jøtun* frå Gol. *Alle er i A-klassa!*

Pris: kr 500,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr). Påmelding!

Laurdag 28. oktober: Festframstilling i Det norske Teateret

Sjølve 100 års jubileumsframstillinga og dansefesten i Teateret!. Her satsast det!
Dette må alle støttespelarar for BLS støtte opp om! Sett av dagen, meir info. kjem!

Helga 16. - 19. november: Folkelarm i tre dagar på Riksscena!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Info. finn ein også på www.hallinglaget.net og Facebook: Hallinglaget i Oslo

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gst@cultura.no)

Ola R. Imset (1944-2023) til minne.

Vår alles kjære Ola R. Imset gjekk bort denne våren, nær 79 år gammal. Då dei fleste ikkje visste at han hadde vore sjuk kom det som eit sjokk at denne gode støttespelaren ikkje lenger er blant oss. Både Ola og kona Lisbeth var medlemer i Hallinglaget i mange år og dei var så positive og livsglade begge to. Ola var også med i Styret i Hallinglaget i fleire år, i om lag ei tiårsperiode frå 2001 til 2012, mest som Skrivars. Best av alt så var han også ein god og stø spelemann for oss i alle desse åra og seinare. Han spelte også ofte saman med Huldraleiken Hardingfelelag, der Bernt Balchen jr. var leiar og etter at Bernt gjekk bort mykje saman med Atle Haugen. Og trengte me gamaldans så var han også med i ei god gamaldansgruppa som heitte «**Best før**». Det var alltid god stemning når Ola var med i Laget, ein **stor takk** til ham.



Ola spelte imponerande godt på hardingfela si! – han var dyktig!

Ola var ein allsidig spelemann og spelte mykje forskjellig! Han vart inspirert til hallingspel av sølvaste Odd Bakkerud og Jens A. Myro! Fyrst lærte han seg hallingspel av Bernt Balchen jr. Seinare kom han med i Hallingdal låtelag og der lærte han mykje av Øyvind Brabant både i laget og privat.

[Hallinglaget i Oslo](#) takker for alle gode minner ...



Styret på Jubileumsfesten i 2009, frå venstre Renate Nysted Tønnessen, Berit Grøtt Ellefsen, Terje Grangård, Else Mohn, Elin Berget og Ola R. Imset ... Signe minnet om Ola !

Oppskrift på *Unnis Gommokaku*

Ingrediensar til ca. 25 store rundingar (kaker):

6 dl kefir

4 dl sukker (kan ta litt mindre)

2 dl smelta smør (kan ta litt meir)

10 dl kveitemjøl (ikkje ta meir)

4 ts hjortetakksalt

Rør sammen kefir og sukker, og ha oppi smelta smør, og bland det berre lett sammen. Ta oppi mjøl og hjortetakksalt, rør det fortsatt lett sammen, og la det være laust og porøst. Deigen SKAL vera midt mellom røre og deig.

Sett den i kjøleskapet i 1 time , eller til du treng deigen (kan fint stå over natta også, med plastikk over seg).

Forvarm steikeomnen til 200 grader. Bruk ei stor skei og legg 9 klumper deig på bakepapir-kledd steikeplate, og trykk dei ned til rundingar (5-6 cm i diameter, for dei hevar seg veldig). Steik dei lyst brune midt i steikeomnen, ca. 6 -10 minutt.

Lag alle på ein gang (3 brett) eller spar deig til dagen etter og dagen etter:) Dei er absolutt best dagsferske, men er gode å fryse. Om dei flyt utover plata gjer det ingenting, eller om dei hevar seg mykje, berre fint! Nokon gongar er dei mjuke og andre gongar sprø - alt er godt!



Tommel opp for Gommokakene til Unni, dei smaka! Fotograf: Terje Grangård

Ein stor takk til kakebakarane fyrste halvåret, dei var: Unni Johannessen, Helen E. Kvalem, Anne Cathrine Johansen, Ingrid Løkken, Ingrid Smette, Else Mohn, Johnny Lund og Åsmund F. Jøtun. Så me har kosauss skikkeleg på øvingskveldane denne vinteren og våren ...

Den norske Folkemusikkveka på Ål 2023.

Som folkemusikkinteressert halling er Folkemusikkveka «eit must» kvart år. Her treff ein kjente overalt og kjem nærmare stjernene enn nokon annan stad – for her er det intimt og nært. Nedanfor er eit par av opplevingane beskrive - ta gjerne turen sjølv neste år...

Framsyninga til Ulf-Arne Johannessen var ein av godbitane i år. Stappfull sal i den nye ***Sprang-scena*** – eg fekk plass øvst oppunder taket! Langt ned til scena, men lyden var god her også. Eg hadde jo sett framsyninga på Riksscena sist haust, då sat eg ringside og kosa meg i ein stappfull Storsal. Det er jo ikkje kvart år Ulf-Arne set opp ei framsyning! Den heitte «Å rekke å elske» og var ganske personleg. Den blir antakeleg ikkje vist meir heller, for den er krevjande å spele for vår kjære Danseleiar. For her fekk me sett mange av sidene til Ulf-Arne, han er treskjerar, skodespelar, dansar laus og springar og han spelar toradar, gitar, klaver og synger! Det var imponerande, heilt aleine på scena – unntatt i springaren! I Oslo dansa han springar med mor si, i Ål med Silje R. Liahagen. I Oslo fekk folk i Hallinglaget rabatt om ein gav inn ei kode som me fekk av stjerna * sjølv! *Ein stor takk til Ulf-Arne.*



Ulf-Arne på Riksscena hausten 2022. Førestillinga vart også vist på Ål, så hallingane fekk sett den!
Supert bilde av Steinar Saghaug. Høvelbenken var finast i Oslo, so difor biletet derifrå...

Eit par andre intimkonsertar var også bra! – alt på fredag, så det er viktig å ta fri fredagen for å få med seg desse godbitane... Det var fire som spelte einradar tidleg på fredagen, det var våre eigne Ulf-Arne og Amalie Kinsarvik Tvilde og så Øyvind Sandum (som vant Durspel på årets Landsfestival i Gamaldans) og så ein festleg kar frå Louisiana i USA Wilson Savoy. Det vart utruleg variert spel på einradarar. Så etter denne konserten veit ein meir om kva ein kan få ut av dette relativt enkle instrumentet. Så var det også ein gild konsert med Synnøve Brøndbo Plassen. Ho song variert og imponerande i over ein time, der ho også spelte gitar på dei meir viseprega songane sine. Det er forståeleg at ho vant Vokal klasse A i Lom i år. Fint å få høre henne tett og nært. Og som i fjor kom vår eigen Silje Risdal Liahagen på 2. plass! Imponerande. Me får håpe at ho vinn neste år

når Lanskappleiken er på Gol. Me vil i alle høve heie på henne der og at ho no er sjølve generalen for Folkemusikkveka i Ål set me også stor pris på.



Andrea Søgnen er hallingdals nye stjerne på Langeleik. Ho har studert i Rauland siste åra.

Konserten med Andrea Søgnen på Sundrehall som starten på Festivalkvelden fredag var bra. Ho hadde også med seg læraren sin på Rauland, Anders Røyne, også på Langeleik. Det var ei god støtte å ha og musikken vart særstakt fyldig og god. Andrea spelar variert og er ei av kvinnene som kan konkurrere med valdrisen på Langeleik. Ekstra fint er det at Andrea kjem til Oslo til hausten for å studere på Oslo MET. Ho har alt lova å kome på øvingar i Hallinglaget og eg har sagt at ho må spela for oss på ei øving. Så møt opp og hør spel på langeleik av beste merke. Dette var litt av det som skjedde på Ål før Festivalkveldane tar til og med dans på Hotellet.

Hilimestemnet på Fagernes 2023, superbra som vanleg!



Treak er ei ny folkemusikalsk songtrio med Marit Karlberg, Ingeborg Onstad og Ingrid Langaas Fossum (Dei er avbilda på biletet frå venstre).

Som avslutning på sundag føremiddag, var det to konsertar som imponerte meg veldig ...

På konserten med **Treak** fekk me høyre trestemt og solistisk song, a capella og med følgje av langeleik og lyre. Treak har fordjupa seg i den vokale songtradisjonen etter Marit Daleng, Guri Hegge og Ragnhild Rolandsgard, alle fødde på 1880-talet, i Øystre Slidre. Desse tre kjeldene hadde til saman eit svært stort og mangfaldig repertoar av bånsullar, salmar, viser og slåttar.

Denne konserten slo an og var topp!

Minst 80 personar i Rognebygningen, med sprakande varme på peisen ein sundag føremiddag etter heftige dagar på Hilmestemnet gjorde godt! Ein godbit på gjennomgangsbilletten ...



Sindre Tronrud frå Fagernes. Foto Isa Holmgren.

Sindre går på Musikkhøgskola i Oslo og har trass sin unge alder teke steget opp og fram på den norske folkemusikkscena. Han avslutta festivalen med ein super solokonsert i Festsaalen på Valdres Folkemuseum. Fullt hus og stormande jubel etter kvar låt, han spelar meisterleg!

Tronrud er ein aktiv kappleiksdelaktar og i 2022 spelte han seg opp i A-klassen på hardingfele! Same året vant han Fureprisen på Landskappleiken (50 tusen kr) og Torleiv Bolstads minnestipend på Jørn Hilmestemnet. Sindre studerer og bur i Oslo så han kan høyrast der i åra framover. Det er utruleg kor enkelt han får det til å sjå ut når han spelar som best!

Dette var endå ein godbit på gjennomgangsbilletten ...

Alt det andre som skjedde i Fagernes desse dagane er der vanskeleg å få plass til her i Hallingljom! Det må opplevast! «Festivalane mine» er Den norske Folkemusikkveka i Ål, Landskappleiken – same kor den er og Hilmestemnet i Fagernes. Då får eg med seg mykje bra!

Terje + samt ein del tekst frå Hilme ...

LANDSKAPPLEIKEN KJEM TIL GOL I 2024

Set då datoane med ein gong 26-30.06.24 fyri du gløyme det. Då kjem Landskappleiken buldrande attende til Gol – 52 år etter forrige gong. Hipp hipp, detta bli stort. OBS: Hugs å melde deg som friviljug på Landskappleiken.no.

Planleggjinga er godt i gang med ei hovudnemnd der me finn ein person frå dei ulike undernemndene som kultur og konsert, økonomi, friviljug, mat og arena og camping for å nemne noko.

Sjølv arbeider eg mest med kultur og konsert. Slik det ser ut no, vil me få til ei Røtnemsknut-forestilling, der me prøver å vise på ei scene noko av livet til Røtnemsknut. Han gjekk ikkje akkurat stille i dørene, den karen. Han var ikkje unsele. Mange var redde for Røtnemsknut. Ein gong han kom på dans, vert det fortalt at han jaga ut alle som var komne for å danse slik at spelemannen sat att åleine.

Ein kjent hallinglått som sikkert mange kjenner, har fått namn etter Røtnemsknut. Låtten finns også, i ulike former, i Valdres, på Vestlandet og i Hallingdal. Til denne låtten hadde Røtnemsknut truleg laga eit eige stev : "Rotneimsknut er leug og mjuk, det finst 'kje gut som kastar han ut". Dette stevet kvo Rotneimsknut når han var på dans og var passe skripot og elkjøn (i Boka om Gol, Bind 5).

Rotneimsknut levde eit kort og intenst liv frå 1810 til 1851. Han vart dømt til livsvarig fengsel og arvelaus etter at det var kome inn mange anklager mot han. Mellom anna skulle han ha stole brennevin, spent folk under hoku så blodet fossa, knivstøkkji folk, også valdresar, mellom anna på Lykkjedansen 1834-1835. Han skal visstnok også ha kasta ein kar på peisen. Han fekk ein dom på livstid i Tukthuset på Akershus festning, men etter omlag 3 år i fengsel, vart han benåda.

Rotneimsknut fløtte ei kort periode av livet sitt (1848- 1851) på ein heimstøl som heiter Volebrøtan på vegen mot Hemsedal nedanfor Grønlia, for dei som er kjende. Denne heimstølen er i dag ein del av den garden som eg eig. Det er snodigt å teinkje på at han har levd her.

Rotneimsknut var ingen kraftkar, men han var visstnok uvanleg spenstig og seig som eit villdyr. Han hadde ei dotter som vart gift til Landsrud i Vestre Slire i Valdres. Ho fekk heile 16 born, 15 levde opp. Ikkje rart at det er mange spreke Valdresar på dansegolvet rundt omkring.

Det er altså mange gode grunnar for å få med seg Landskappleiken på Gol neste sommar. Truleg vil du kunne få kjøpt kortreist hjortemeddag frå Røtnem, ein ekte Røtnemsknutsteik. Rykter vil ha det til at denne steiken skal gjera deg leug og mjuk på dansegolvet.

OBS! Ikkje gløym å melde deg som friviljug på Landskappleiken.no.
Me sjåast på Gol.

Olav Arne Løstegaard
i kulturnemde for Landskappleiken 2024.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2023

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 400,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, **Vipps** til: **737 811 (Hallinglaget i Oslo)**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
- Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).

Si frå om du vil ha medlemskortet frå Noregs Ungdomslag tilsendt ...

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligehetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget i Oslo

TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2023

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>September '23</u>		
03.	Hallinglaget / Farande Fant	Hallingspringar
10.	Hordaringen / Østerdølenes Spellmannslag	Rørospols
17.	Ingen søndagsdans på grunn av dans i alle salar i Nordahl Bruns gt. 22 laurdag 16.09.	
24.	Symra / Symradern og Att og fram	Springar frå Nordre Sunnmøre
<u>Oktober '23</u>		
01.	Valdreslaget / Eiker Spellemannslag	Nordlandspols
08.	Hardinglaget / Dølalæte	Springleik
15.	Frøy / De Frilynde	Jølstraspringar
22.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
29.	Ingen søndagsdans på grunn av Festframsyning i Det norske teateret laurdag 28.10.	
<u>November '23</u>		
05.	Numedalslaget / Gudåmleg	????
12.	SF-ringen / Kveik	Bodapolska
19.	Symra / Symradern og Att og fram	Turdansar
26.	Hordaringen / Bærum Spellemannslag	Fanaspringar
<u>Desember '23</u>		
03.	SF-ringen / Steinsgårdskroken	Bingsjøpolksa
10.	Folkedansnemnda / Farande Fant og Fanteladdene	Juleavslutning

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.

Inngang Folkedanskveld:

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar kr 100,-

Inngang Minikurs: Same pris som over!

Dvs. at ein får Minikurset attpå og ein får også vaffel, kaffi eller tè i pauza!

Styret i Hallinglaget 2023-2024

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Dalehaugen 8, 0657 Oslo	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@outlook.com
Medlemer:	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Unni Johannessen Bilbakken 3, 3570 Ål	Tlf: 926 84 876 – mobil E-post: unni.johannessen@me.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf: 482 04 652 E-post: grangard@online.no
---------------	--	---

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar:	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 E-post: helsemor@hotmail.com
---------------	---	---

Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen Tlf.: 477 56 565

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er:www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



EREB
32%